



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 12. november 2018 kl. 1745-2000

Stad: Heradshuset i Kinsarvik

Desse møtte: Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Hildegunn Espe (frå sak 36/18), Jørund Kvestad,

Meldt forfall: Synnøva Sæbø (Kari Herstad var kalla inn, men møtte ikkje)

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 31/18: Meldingar

UFS 32/18: Referat frå møte 7. mai og 14. september 2018

UFS 33/18: Orientering om økonomi

**UFS 34/18: Økonomisk bidrag til vedlikehaldsarbeid på traktorslepa
Tinnhølen-Sandhaug**

UFS 35/18: Søknad frå Folgefonn skyttarlag om tilskot til jegerprøvekurs

UFS 36/18: Oppsummering etter sesongen

UFS 37/18: Høyring av forslaga i NOU 2018:11 Ny fjellov

UFS 38/18: Fjellstyrestruktur etter kommunesamanslåinga

UFS 39/18: Plan for 2019 – hyttetilsyn, byggeprosjekt, tenestekjøp mm.

UFS 40/18: Eventuelt

Steinar Langesæter/s/

Jørund Kvestad/s/

Ragnar Ystanes/s/

Hildegunn Espe/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullevang herad

Hardanger Folkeblad



UFS 31/18: Meldingar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Postliste:

- 2018.05.11-035-2-Ullensvang fjellstyre-Etterspurnad underskrift på avtale om bruksrett for uthus på Raudåna
- 2018.05.11-035.2.Ullensvang fjellstyre-Ettersurnad vedtak på søknad om godkjenning av fasadeendring på fjellstyrehytta på Raudåna
- 2018.05.14-012.1 Ullensvang fjellstyre - Møtebok 7. mai 2018
- 2018.05.15-612.1-Eidfjord fjellstyre-Tildeling av fellingsløyve 2018
- 2018.05.15-011.0-Ullensvang fjellstyre-Fjellstyrestrukturu etter kommunesamanslåing
- 2018.05.25-035.1-Fylkesmannen i Hordaland-Løyve til oppføring av felles utedo
- 2018.05.28-145.3-Norges Fjellstyresamband-Friluftsmidler 2018
- 2018.05.29-145.9-Sparebankstiftinga Hardanger-Avslagsbrev
- 2018.05.30-145.9-Kulturdepartementet-Avslag på søknad om spillemidler - naustet
- 2018.05.31-145.9-Norsk Friluftsliv-Tilskuddsordning-Turmat fra hele verden
- 2018.06.05-145.9-Kulturdepartementet-Avslag på søknad om spillemidler - traktorslepa
- 2018.08.06-612.0.Hardangervidda Villreinutval-Pålegg om å teste hjortevilt for skrantesjuka
- 2018.06.07-Ullensvang fjellstyre-Søknad om grunneigars tillating til landing med helikopter på Eidfjord statsallmenning
- 2018.06.07-352.1-Ullensvang fjellstyre-Referat oppstartsmøte arbeid på traktorslepa
- 2018.06.08-Ullensvang fjellstyre-Oversending av erklæring om ansvarsrett
- 2018.06.14-612.8.Odd Aga-Fakta til informasjon om fredningssonene i reinsjakta
- 2018.06.18-612.0.Ullensvang herad-Fellingsløyve elg 2018
- 2018.06.07-352.1-Ullensvang fjellstyre-Referat oppstartsmøte arbeid på traktorslepa
- 2018.06.19.642.2.Eidfjord fjellstyre-Vidareføring av ordninga med fiske i vatn sør for Lågen utan garndøgnavgrensing
- 2018.06.19-434.Tilsynsutvalet i Hordaland-Motorferdsel i Hardangervidda nasjonalpark under villreinjakta 2018
- 2018.06.22-612.2-Audun Holm Johanson-Signert elgjaktkontrakt 2018
- 2018.06.25-Ullensvang herad-Løyve til oppføring av felles utedo på Hansbu
- 2018.06.25-Ullensvang fjellstyre-Melding om oppstart av byggarbeid
- 2018.06.29-612.1-Villreinnemnda-Informasjon om jakt og innlevering av fellingsresultat 2018
- 2018.06.29-612.1-Villreinnemnda-Fellingstillastelse og fellingsrapport villrein 2018
- 2018.07.11-352.1-Fylkesmannen i Hordaland-Rapport-Synfaring av arbeid på traktorslepa til Hansbu
- 2018.07.13-145.4-Statskog-Fordeling av midler fra Grunneierfondet 2018-traktorslepa
- 2018.07.13-145.4-Statskog-Fordeling av midler fra Grunneierfondet 2018-naustet
- 2018.07.23-035.2-Skjold Beitelag-Underskriven avtale om bruksrett til uthus på Raudåna
- 2018.07.23.035.2.Ullensvang fjellstyre-Søknad om løyve til å grave grøft for tømning av fellesdo på Hansbu



2018.07.30-612.1-Eidfjord fjellstyre-Oversending av fellingsløyve for villrein
 2018.08.06-612.3-Miljødirektoratet-Pålegg om å teste hjortevilt for skrantesjuka
 2018.08.20-035.2-Fylkesmannen i Hordaland- Løyve til terrenginngrep-Graving av grøft for tømning av fellesdo på Hansbu
 2018.08.22-035.2-Statskog- Grunneigars løyve til terrenginngrep-Graving av grøft for tømning av fellesdo på Hansbu
 2018.08.22-352.1-Ullensvang fjellstyre-Melding om avslutta arbeid på traktorslepa Hansbu-Sandhaug
 2018.08.29-001.1-Landbruks- og matdepartementet-Høringsbrev NOU 2018_11 Ny fjellov
 2018.09.27-001.4-Ullensvang kommune-Planprogram-Kommuneplan for Ullensvang kommune
 2018.09.28-612.3-Miljødirektoratet-Prøveuttak og behov for å friskmelde Nordfjella sone 2 og Hardangervidda
 2018.10.03-619-Fjellstyresambandet-Invitasjon til villreinseminar
 2018.10.03-612.0-Fjellstyresambandet-Revidering av regelverk om elg- hjortejakt
 2018.10.08-145.4 Ullensvang fjellstyre - Oppmoding om sluttutbetaling-traktorslepa
 2018.10.09-001.1-Fjellstyresambandet-Utkast til høringsuttalelse pr. 9.10.18
 2010.10.10-141.9-Folgefonn skyttarlag-Søknad om støtte til jegerprøvekurs
 2010.10.16-612.8-Ullensvang fjellstyre-Fellingsrapport villrein 2018
 2018.10.18-433.1-DNT-Varsel om rearding av ruter på Hardangervidda sommeren 2019
 2018.10.22-145.9-Kulturdepartementete-Kvittering på innsendt søknad om spelemidlar til anlegg
 2018.10.23-152.3-Ullensvang fjellstyre-Melding om skade på båtane ved Nedsta Krokavatnet
 2018.10.26-152.3-Gjensidige-Bekreftelse på meldt skade (83632713,2)
 2018.10.26-152.3-Gjensidige-Bekreftelse på meldt skade (83632713,3)
 2018.11.01-152.3-Ullensvang fjellstyre-Svar på erstatningstilbod og overdragserklæring sak 83632713,2
 2018.11.02-152.3-Gjensidige-Melding om avslutta skadesak, 83632713,2

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Meldingane blei gått gjennom på møtet. I tillegg til saksdokumenta blei det orientert om at det er sendt inn søknad til Sparebankstiftinga Hardanger om ei gåve til innkjøp av nye båtar til søknadsfristen i haust, og at søknaden ikkje blei innvilga.

Sekretær undersøker om stiane DNT har varsla dei skal revarde er etablerte stiar som dei har løyve til å varde opp att.

Vedtak (sak UFS 31/18):

Styret tek meldingane til orientering.



UFS 32/18: Referat frå møte 7. mai og 14. september 2018

Saksdokument:

- 32-18 Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre 7.5.2018
- 32-18 Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre 14.9.2018

Saksutgreiing:

Framlegg til endring av praksis for godkjenning av møtebok:

Fjellstyret har hatt som praksis å godkjenne referata på neste møte. Det kan gå fleire månadar mellom kvart møte. Ei godkjenning av referatet etter fleire månadar gir lita meining, slik sekretær ser det, då vedtaka ofte er sett i verk lenge før neste møte. Sekretær foreslår at fjellstyret går over til ei elektronisk godkjenning av referata. Det vil i praksis sei at alle må stadfeste at referatet som blir sendt ut på e-post er korrekt (ved å svare på e-posten). I dei tilfella det blir gjort endringar etter innspel frå styremedlemmene blir referatet sendt ut på nytt, og alle må stadfeste på nytt at referatet er korrekt. Det er i praksis det som blir gjort i dag, ved at referatet blir sendt ut på høyring til styremedlemmene før offentleggjering, men den formelle godkjenninga av referatet manglar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret endrar praksis for godkjenning av referata i tråd med framlegg i saksutgreiinga.

Referat:

Det var semje om å endre praksis for godkjenning av referata i tråd med framlegg i saksutgreiinga.

Vedtak (sak UFS 32/18):

Ullensvang fjellstyre godkjenner referata frå møte 7. mai og 14. september.

Fjellstyret endrar praksis for godkjenning av referata i tråd med framlegg i saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.



UFS 33/18: Orientering om økonomi

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet ved sekretær.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang på møtet ved sekretær.

Av inntekter har utleige av hytter gitt mindre inntekter enn budsjettert (40.000,- mot budsjettert 75.000,-), medan sal av reinskort har gitt ein del meir (165.000,- mot budsjettert 140.000,-). Tildeling av Grunneigarfondet til traktorslepa (100.000,-) og naustet (140.000,-) kjem i tillegg til dei budsjetterte inntektene. Utbetalingane for dette kjem truleg i 2019.

Av utgiftene har arbeidet med grunnmur til ny do på Hansbu blitt noko dyrare enn budsjettert (om lag 60.000,- mot budsjettert 45.000,-). Ut over dette er det mindre endringar avvik frå budsjettet.

Vedtak (sak UFS 33/18):

Styret tek meldingane til orientering.



UFS 34/18: Økonomisk bidrag til vedlikehaldsarbeid på traktorslepa Tinnhølen-Sandhaug

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret har fått ein førespurnad frå Eidfjord fjellstyre om å bidra økonomisk til opprusting av traktorslepa frå Tinnhølen til Sandhaug. Leif Einar Lothe utførte arbeidet for Eidfjord fjellstyre i sommar. Kostnaden er på 70.000 + mva (87 500,-). Eidfjord fjellstyre har foreslått at Ullensvang fjellstyre bidreg med 20.000,- + mva (25.000,-).

Traktorslepa til Sandhaug er viktig som del av turen til Hansbu, men og for innanbygdsbuande som nyttar fiskerettar i Eidfjord statsallmenning sør for midtlina i Nordmannslågen. Tidlegare har Ullensvang fjellstyre bidrege økonomisk ved å dekke deler av slepearbeidet til Nordmannslågen og andre fellestiltak knytt til leirplassen ved Nordmannslågen.

Framlegget frå Eidfjord fjellstyre er at Ullensvang fjellstyre dekker i underkant av 30 %. Sekretær ser det som naturleg at fjellstyret bidreg med ein sum, men ein kan diskutere kor stor del av summen ein skal bidra med. Sekretær har inga sterk meining om kor stort bidraget frå fjellstyret skal vera. Fjellstyret vil ikkje få eit overskot å fordele av i år, men den økonomiske situasjonen i fjellstyret er god, med forventa overskot i år med «normal» reinskvote.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fjellstyret var positiv til å bidra med 25.000,- til arbeidet på traktorslepa.

Samrøystes vedteke

Vedtak (sak UFS 34/18):

Ullensvang fjellstyre dekker 25.000,- av kostnadane Eidfjord fjellstyre har hatt med vedlikehaldsarbeidet på traktorslepa Tinnhølen-Sandhaug.

Samrøystes vedteke.



UFS 35/18: Søknad frå Folgefonn skyttarlag om tilskot til jegerprøvekurs

Saksdokument:

- 35-18 Søknad frå Folgefonn skyttarlag om tilskot til jegerprøvekurs
- 35-18 Tilleggsinfo til søknaden
- 35-18 Plakat jegerprøvekurs

Saksutgreiing:

Det blir arrangert jegerprøvekurs i lokala til Folgefonn skyttarlag i haust. Instruktør på kurset er Trond Thiis. Folgefonn skyttarlag har søkt om eit bidrag på 10.000 til kurset. Kurset på 30 timar går over to helger og har 20 plassar.

Som det går fram av sakspapira etterspurde sekretær kva utgifter skyttarlaget har i samband med kurset. Tilbakemeldinga frå skyttarlaget er at dei ynskjer å sponse unge medlemmer i laget som tek kurset. I tillegg dekker skyttarlaget mat under kurset, estimert til rundt 8.000,-.

Når fjellstyret sitt overskot er større enn det som trengs til tiltak innan allmenningen, avgjer fjellstyret ved vedtak korleis overskotet skal nyttast, jf. fjellova § 11 3. avsnitt. Med samtykke frå departementet kan det løyvast midlar til ålmennyttige føremål. I rundskriv frå Statskog datert 12.1.2012 er det sett rammer for kor store midlar fjellstyret årleg kan bruke på ålmennyttige føremål. Ramma er 5 % av bruttoinntekt. Dersom 5 % av bruttoinntekt utgjer 20.000,- eller mindre står fjellstyret fritt til å avgjere om det i løpet av året vil gi inntil 20.000,- til ålmennyttige føremål. Inntekta til fjellstyret varierer frå år til år. I år vil ikkje fjellstyret ha eit overskot å fordele frå, men over tid har fjellstyret eit positivt resultat. Det er presisert i Handbok for fjellstyre at «overskot i fjellkassa» ikkje viser til overskotet i rekneskapen det enkelte år, slik at fjellstyret kan bevilge midlar i eit år utan overskot, dersom det er forsvarleg ut frå fjellstyret sin samla økonomi og verksemd. Fjellstyret kan bevilge totalt 20.000,- til ålmennyttige føremål i år (det er tidlegare i år bevilga 5.000,- til ålmennyttige føremål).

Føremålet det er søkt om kan definerast som eit ålmennyttig føremål, og fjellstyret har difor heimel til å tildele midlar, jf. fjellova § 22 3. avsnitt. Jegerprøvekurs er viktig for å sikre rekruttering av jegerar. Det er positivt at skyttarlaget tek initiativ til å arrangere kurset, då det ikkje elles er eit tilbod om jegerprøvekurs på vestsida.

Sakshandsamar meiner fjellstyret kan tildele midlar til dette føremålet, sjølv om årets rekneskap vil gå med underskot. Midlar bør gå til å dekke faktiske kostnader skyttarlaget har med kurset, dokumentert med kvitteringar.



Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre innvilgar inntil 10 000,- i tilskot til Folgefonn skyttarlag i samband med jegerprøvekurs hausten 2018. Bidraget skal gå til å dekke faktiske utgifter ved kurset. Utgiftene skal dokumenterast med kvitteringar.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 11 3. avsnitt.

Referat:

Fjellstyret var positive til å støtta Folgefonn skyttarlag med 10.000,- i samband med arrangement av jegerprøvekurs hausten 2018. Jørund Kvestad kom med framlegg om at fjellstyret innvilgar 10.000,- i tilskot utan atterhald om at utgiftene skal dokumenterast med kvitteringar. Steinar Langesæter kom med tilleggsframlegg om at fjellstyret ber om ei tilbakemelding om kor mange som deltok på kurset. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 35/18):

Ullensvang fjellstyre innvilgar 10.000,- i tilskot til Folgefonn skyttarlag i samband med jegerprøvekurs hausten 2018. Fjellstyret ber om ei tilbakemelding om kor mange som deltok på kurset.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 11 3. avsnitt.

Samrøystes vedteke.



UFS 36/18: Oppsummering etter sesongen

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Utleige

Tabell 1. Oversikt over sal via Skanatura.

	Leige av heile hytta tom. 17. august	Leige av heile hytta fom. 18. august	Leige av enkeltseng fom. 18. august	Sal	Netto omsetnad
Ullsbu	36	7	0	43	kr 21 158
Rogdabu	5	1	0	6	kr 1 155
Raudåna - oppsynshytta	4			4	kr 1 820
Raudåna - avdeling 1	12	5	0	17	kr 7 735
Raudåna - avdeling 2	7	0	0	7	kr 3 185
Persbu	5	12	5	22	kr 3 754
Sal	69	25	5	99	
Netto omsetnad	kr 28 770	kr 9 555	kr 481		kr 38 806

I tillegg til oversikta over er det gjort eit par sal utanom nettløysinga, med samla netto omsetnad på 1.970,-

Jakt

Fellingsresultat på Ullensvang fjellstyre sine kort:

	Kalv	1 ½	2 ½ og eldre	I alt
Hanndyr	3	0	35	38
Hodyr	2	2	12	16
I alt	5	2	47	54

Fjellstyret hadde 95 kort i år, som gir ein fellingsprosent på 56,8.




Fellingsresultat på korta med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen:

	Kalv	1 ½	2 ½ og eldre	I alt
Hanndyr	2	0	1	3
Hodyr	0	1	2	3
I alt	2	3	1	6

Fjellstyret hadde 12 kort med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen. Fellingsprosenten på desse korta var 50.

Samla blei det felt 60 dyr på, noko som gir ein fellingsprosent på 56,1.



Elgjakt

Jaktlaget har felt ein okse. Kvota var ein okse og ein kalv.

Garnkort for utanbygdsbuande

Det blei selt 10 vekeskort garn for utanbygdsbuande. Overskotet for dette salet blir delt likt mellom Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre – 2406,25,- på kvart fjellstyre.



Byggeprosjekt

- Do på Hansbu
- Naustet ved Nedsta Krokavatnet

Orientering om byggeprosjekta på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang ved sekretær. Det var eit ynskje om å få utarbeida fellingsstatistikk over fleire år til neste års gjennomgang.

Vedtak (sak UFS 36/18):

Styret tek meldingane til orientering.

UFS 37/18: Høyring av forslaga i NOU 2018:11 Ny fjellov

Saksdokument:

- 37-18 Høyringsbrev NOU 2018-11 Ny fjellov
- 37-18 Utkast høyringsuttale NFS

Saksutgreiing:

Statsallmenningsutvalet har no gjort ferdig sitt arbeid og levert sitt forslag til endring i Fjellova. Heile NOU-en kan lesast her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-11/id2605120/>

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslaget på høyring med frist i februar 2019.

Norges Fjellstyresamband (NFS) har som kjent delteke i arbeidet med ny fjellov i form av ein representant i utvalet. Utvalet har i sitt forslag delt seg i to i fleire spørsmål av prinsipiell karakter. Det er her eit fleirtal og eit mindretal der NFS sin representant høyrer til fleirtalet i alle spørsmål.



NFS har no sendt ut forslag til høyringsuttale. Det er ynskjeleg frå NFS si side at fjellstyra i Noreg står samla om ei felles uttale. Alle fjellstyra skal likevel kunne kome med sine innspel gjennom NFS. Det vert derfor lagt opp til at fjellstyra skal kome med innspel til NFS innan 25 november.

For fjellstyra rundt Hardangervidda så vil det og bli slik at ein diskuterer dette i fellesmøte i Eidfjord den 23 november.

Sakshandsamars vurdering:

Det har no vorte jobba aktivt med ny fjellov i lang tid frå mange i fjellstyresystemet. Det er gjort ein stor jobb undervegs i utvalsarbeidet med å få gjort det ein kan for å styrke fjellstyresystemet. Resultatet er at eit fleirtal i utvalet støttar NFS sine synspunkt for ny Fjellov.

Etter sakshandsamar si vurdering er fleirtalsutkastet veldig bra for framtida til fjellstyra. Det som kunne vore betre er forankring rundt økonomi for drift av fjellstyresystemet. Det er det heller ikkje i dag.

Sakshandsamar ser det som veldig viktig at fjellstyra no står samla om si støtte til det NFS har jobba fram. Ein kan ikkje sjå at det er moment som ikkje er ivareteke med NFS si handsaming av saka.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre støttar NFS sitt framlegg til høyringsuttale.

Referat:

Steinar Langesæter orienterte om arbeidet med ny fjellov. Hovudinstrykket er at fleirtalsframlegget frå statsallmenningutvalet er bra. Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 37/18):

Ullensvang fjellstyre støttar NFS sitt framlegg til høyringsuttale.

Samrøystes vedteke.



UFS 38/18: Fjellstyrestruktur etter kommunesamanslåinga

Saksdokument:

- UFS 38-18 Tilbakemelding frå NFS på spm. om fjellstyrestruktur

Saksutgreiing:

Det blei i mai halde eit møte mellom representantar frå Ullensvang fjellstyre og Odda fjellstyre og arbeidsgruppa næring, eigedom og samfunn, der fjellstyra argumenterte for å få oppretta ei undergruppe som ser på fjellstyrestruktur etter kommunesamanslåinga. Tilbakemelding frå arbeidsgruppa er no at dei ikkje har konkludert endeleg, men at dei ikkje ser behovet for ei undergruppe. Dei har heller ikkje midlar tilgjengeleg til å bruke på arbeidet.

Steinar Langesæter har kome med innspel om å ta opp spørsmålet om fjellstyret skal sende ein førespurnad til Ullensvang herad om å oppretthalde dagens fjellstyrestruktur i den nye kommunen. Sekretær har stilt nokre spørsmål til fjellstyresambandet om konsekvensar av eit nytt felles fjellstyre i den nye kommunen når det gjeld 1)representasjon i fjellstyret og 2)handsaming av bruksrettane. Svara frå Perly Berge i fjellstyresambandet er vist i raudt i vedlegg til saka. Sekretær er av den oppfatning at spørsmåla og tilbakemeldingane frå fjellstyresambandet vedlagt saka ikkje dekker alle problemstillingane rundt ei endring av fjellstyrestrukturen.

Steinar Langesæter orienterer vidare om saka på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Steinar Langesæter orienterte om prosessen fram til no. Det blei opplyst om at fellesnemnda skal ta opp spørsmålet om undergruppe i møte i desember.

Sekretær orienterte om at han har vore i kontakt med Statskog for å få avklart sider ved ei eventuell endra fjellstyrestruktur. Tilbakemeldinga er at det er ein del usikre sider ved saka, som må utgreiast betre for at ein skal kunne koma fram til ein endeleg konklusjon. Døme på dette er fordeling av reinskort mellom Ullensvang og Odda.

Det blei diskutert kva som ligg i omgrepet «innanbygds rettar». Det er usemje i styret om fordeling av reinskort er å rekne som ein del rettane.



Steinar Langesæter orienterte om at han i utgangspunktet ynskte at fjellstyret skulle konkludere med å be Ullensvang herad om å gå inn for å oppretthalde dagens fjellstyrestruktur. Sidan fjellstyret sjølve er usikre på kva som vil bli konsekvensane av ei eventuell endring i fjellstyrestrukturen, kom han med framlegg om at fjellstyret legg opp til å få innhenta meir informasjon før det blir gitt ein uttale til kommunen. Avklaringane må koma frå dei organa som sit på kompetansen, og som til sist skal ta avgjerd i saka. Styret ynskjer difor å få til møte med Statskog for å legge fram problemstillingane. Før den tid er det ynskjeleg med eit møte med ordførarane i Ullensvang herad og Odda kommune for å orientere om saka. Det kom innspel om å at det kan vera tenleg å involvere Miljødirektoratet og Fjellstyresambandet i denne prosessen. Styret ser det som svært viktig at Odda fjellstyre er med på dette arbeidet, og Steinar Langesæter vil ta kontakt med leiar i Odda fjellstyre for å oppmode dei om å bli med på ein slik framgangsmåte.

Vedtak (sak UFS 38/18):

Steinar Langesæter tek kontakt med leiar i Odda fjellstyre for å oppmode dei om å bli med på ein prosess der dei to fjellstyra opprettar kontakt med Statskog for å få avklart problemstillingar rundt fjellstyrestrukturen etter kommunesamanslåinga. Det blir lagt opp til at fjellstyra ber om eit møte med ordførarane i Ullensvang herad og Odda kommune for å orientere om saka. Sekretær tek deretter kontakt med Statskog, Fjellstyresambandet og Miljødirektoratet for å koma i gang med dette arbeidet.

Samrøystes vedteke.



UFS 39/18: Plan for 2019 – hyttetilsyn, byggeprosjekt, tenestekjøp mm.

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Nokre stikkord:

- Do Hansbu
- Rydde ut av naustet og do, riving/brenning
- Innreiing nytt naust
- Oppsynshytta Raudåna – Male? Vedlikehald?
- Båtar
- Ved, gass
- Vask og klargjering til ny sesong
- Fjellhelg

Den økonomiske situasjonen for Fjellstyra på Hardangervidda as (FH) blir krevjande det komande året. FH har difor bedt fjellstyra ta opp tenestekjøp i 2019 som sak. Det blir lagt opp til at tenestekjøpet minimum blir på årets nivå (korrigert for prisvekst). Dersom fjellstyret ser behov for ekstra tenestekjøp i form av auka aktivitet på sekretærtjenester eller praktiske gjeremål i felt (bygge-/vedlikehaldsprosjekt) vil FH ha tilbakemelding om dette no.

Tenestekjøp (refusjonsberettiga) har dei siste åra vore slik:

2018 (budsjett): 239.456,-

2017: 293.069,-

2016: 214.950,-

2015: 204.804,-

Sekretær har begynt å sjå på behovet for tenestekjøp i 2019. Førebels blir det lagt opp til ein liten auke samanlikna med 2018-budsjettet (om lag 20.000,- før justering for prisvekst). Eventuelle endringar i timar til HF-drift, infoteneste og villreinjaktoppsynet kjem i tillegg.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Dei ulike punkta i saksutgreiinga blei gått gjennom. Sekretær orienterte om at behovet for tenestekjøp i 2019, der det blir lagt opp til ein auke på om lag 20.000,- samanlikna med nivået i 2018, er basert på at fjelloppsynet rekk over det som skal gjerast i felt for fjellstyret det kommande året. Det vil samtidig vera behov for dugnadsarbeid, og dette er styret innstilt på å bidra med. Styret er også innstilt på å auke tenestekjøpet i tråd med framlegget frå sekretær.

Dei ulike oppgåve blei fordelt slik:

Ansvar fjelloppsynet:

Do Hansbu

Båtar – ta heim dei to på Hansbu, innkjøp og eventuell reparasjon blir vurdert på neste møte

Vask og klargjering til ny sesong

Fjellhelg (sekretær planlegg, fjellstyret bidreg på arrangementet)

Ansvar dugnadsgruppa ved Ragnar:

Innreiing nytt naust

Samarbeid fjelloppsynet og dugnadsgruppa:

Rydde ut av naustet og do, riving/brenning

Ved, gass

Det var semje om å utsetje vedlikehaldstiltak (eventuelt ombygging) på oppsynshytta.

Vedtak (sak UFS 39/18):

Sekretær og styret gjennomfører oppgåvene i tråd med referatet.

Sekretær orienterer Fjellstyra på Hardangervidda as om signala frå styret om nivået på tenestekjøp i 2019.



UFS 40/18: Eventuelt

Lavvo i Grøndalen:

Lavvoen er no heilt øydelagd. Duken blei teken heim på stengerunden i haust, resten blir teke heim til vinteren. Sekretær undersøker pris på ny lavvo til neste møte i fjellstyret.

Profilering av fjellstyret sine tilbod mot JFF:

Steinar Langesæter orienterte om at det er eit sterkt ynskje frå Fjellstyresambandet at fjellstyra synleggjer tilboda til jakt, fiske og overnatting mot lokallag av jeger- og fiskerforbundet. Det var semje i styret om at fjellstyret tilby seg å stille på årsmøte i Hordaland JFF til våren for å informere om fjellstyret sine tilbod. Sekretær tek kontakt med Hordaland JFF om dette, og utarbeidar eventuelt ein presentasjon.

Ny forvaltningsmodell for Hardangervidda nasjonalpark

Arbeidet med ny forvaltningsmodell blei diskutert. Det blei uttrykt bekymring for at ein no går vekk frå ei forvaltningsordning som fungerer godt, og at det verkar som at det allereie er avgjort at det skal opprettast ein forvaltningsmodell for Hardangervidda på lik linje med andre nasjonalparkar. Det var semje i styret om at det er viktig å fylje godt med på denne prosessen, og å prøve å påverke utfallet slik at det blir eit best mogleg resultat. Det blir orientert om ny forvaltningsmodell på haustmøtet i Eidfjord laurdag 24. november. Styret tek opp att saka etter denne orienteringa.

Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

Det blei ikkje tid til å gå gjennom sakene til møtet i Fellesstyret.